

Digital opptaksprøve til musikkutdanning ved Høgskulen på Vestlandet, campus Stord

Opptaksprøven er digital og sett saman av musikkopptak og eit skjema for eigenerklæring, der du skildrar dine musikalske erfaringar. Er du interessert i faglærerutdanning i musikk eller bachelor i Community music? Då kan du allereie no teste dine musikalske kunnskapar og ferdigheiter.

Du kan når som helst sende opptaksprøva. Innsendt materiell vert vurdert fortløpande.

Innhaldet i ein digital opptaksprøve

Det skal sendast inn minimum 3 og maksimum 7 opptak (video) av eige spel/direksjon/komposisjon etter nærare instruksar i skjemaet. Komposisjonar kan eventuelt dokumenterast ved partitur. Både bredde- og spisskompetanse tel positivt med i vurderinga. Videoar kan sendast til [jonas.olsen\(a\)hvl.no](mailto:jonas.olsen(a)hvl.no) via www.wetransfer.com eller at du sender oss lenkjer der me kan lasta ned/sjå videoane (t.d. Dropbox, Box, YouTube, Vimeo, google).

I skjemaet for eigenerlæring gjer du greie for dine musikalske erfaringar og kompetansar. Fyll ut så grundig som mogeleg. Du skal også skrive om din motivasjon for å starte på faglærerutdanninga i musikk og/eller Community Music ved Høgskulen på Vestlandet. Dersom du vil sjå spørsmåla før du sender inn skjemaet, kan du gjere det her:

Det elektroniske skjemaet for eigenerklæring finn du her:

<https://docs.google.com/forms/d/1NA-GmJznkYucQ6z6525Gib10c31tslqnPPKAn05rWc>

Opptakskrav

For faglærerutdanning i musikk:

- generell studiekompetanse med minimum 35 skulepoeng
- minimumskarakter 3 i norsk og matematikk er oppfylt, og det
- innsendte materialet er godkjent

For bachelor i Community Music:

- generell studiekompetanse er oppfylt, og det
- innsendte materialet er godkjent

Dersom spørsmål, kontakt: Jonas Selås Olsen ([jonas.olsen\(a\)hvl.no](mailto:jonas.olsen(a)hvl.no))